



## ■ rundskriv nr. 15/16

Frå:	Til:
Utdanningsavdelinga	Dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal Dei private vidaregåande skolane i Møre og Romsdal
Dato:	Ref:
15.08.2016	69819/2016/062

### Organisering og gjennomføring av hausteksamen 2016 - elevar og privatistar

Vi viser til [informasjon om eksamen](#) frå utdanningsdirektoratet og eksamensplan for haust 2016 og vår 2017. Frist for å melde på kandidatar til sentralt gitt eksamen i eksamenstenesta (PAS) for hausten er *1. oktober*.

For meir utfyllande informasjon, sjå rundskriv [nr. 3/16](#) frå utdanningsavdelinga *Organisering og gjennomføring av våreksamen 2016 for elevar og privatistar*

#### Gjennomføring av hausteksamen

[Sentralt gitte eksamenar](#) for hausten er lagt til perioden 15. november – 2. desember. [Lokalt gitte skriftlege eksamenar](#) for hausten er lagt til perioden 14. november – 30. november. Dette gjeld for alle privatistar, praksiskandidatar og lærlingar, samt elevar som har meldt seg opp til ny, særskild eller utsett eksamen.

#### Ny eksamensteneste (PAS)

Alle *skriftlige* eksamenar, både lokalt og sentralt gitte, skal administreras gjennom den nye eksamenstenesta. Her skal skolane melde på kandidatar, registrere aktuelle sensorar, registrere klagar. Sjølvve gjennomføringa skjer fortsatt i Prøvegjennomføringssystemet (PGS).

#### Privatistar

All relevant informasjon til privatistane vert gitt på [udir.no](#), [privatistweb.no](#) og ved den einskilde privatisttskole. Det skal betalast eksamensavgift for kvar eksamen som kjem sjølvstendig til uttrykk på vitnemålet/kompetansebeviset.

Kandidatane skal inne på PrivatistWeb melde seg opp på den skolen dei ønskjer og ta eksamen på. Eksamensoppgåver blir laga av det einskilde ansvarlege fylke og kan lastast ned frå eksamenssystemet. Informasjon om eksamen og læremateriell vert gitt av skolen der kandidaten skal gjennomføre eksamen. For ein privatist som tidlegare har fått vitnemål som elev, skal skolen som skreiv ut det opphavlege vitnemålet, også skrive ut nytt vitnemål for privatisten.

## Oppmelding

Alle privatist- og praksiskandidatoppmeldingar skal skje på [PrivatistWeb.no](http://PrivatistWeb.no)

PrivatistWeb.no er open i perioden **15. august – 15. september 2016**.

Fristen for oppmelding er endeleg. Rådgivarar for eksamen kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå fristen ved tungtvegande årsakar. Søknad om dispensasjon må framsettas skriftleg og årsak må vere vel dokumentert.

## Prøveavgift og betaling

Eksamensavgifta skal betalast ved å nytte gjeldande betalingsløyising ved oppmelding. Oppmelding som ikkje er betalt innan fristen, vert ikkje rekna som gyldig.

Avgift er kr 1029,- per eksamen for

- fag der ein ikkje har standpunkt og/eller eksamenskarakter
- fag der ein ikkje har bestått (karakter 1) som elev eller privatist

Avgift er kr 2058,- per eksamen for

- fag ein alt har bestått som elev eller privatist

Har kandidaten meldt seg opp i eit faget tidlegare, men vart sjuk på eksamensdagen og leverer legeerklæring, skal det ved ny oppmelding betalast kr 1029,-

## Ny, utsett og særskild eksamen for elevar og lærlingar

Skolen der eleven/lærlingen høyrer til (elevstatusen gjeld for ny, utsett og særskild eksamen) har ansvaret for alt ved gjennomføring av ny, utsett og særskild eksamen. *Nytt for haust 2016 er at også disse elevane skal registrerast inn i PAS.*

## Ansvarlege

Rådgivarar for eksamen har det overordna ansvar for å:

- koordinere, gjennomføre og kvalitetssikre eksamen
- oppnemne sensorar til privatist-/praksiskandidat-/lærling-eksamen som Møre og Romsdal har sensuransvar for.

Skolane har det overordna ansvar for å:

- halde seg oppdaterte på Utdanningsdirektoratet si heimeside om meldingar som gjeld eksamen
- gi naudsynt informasjon til privatistar/ praksiskandidatar/ lærlingar
- koordinere kva for fag som skal avviklast på den ein skilde privatist skole i regionen
- skrive ut dokumentasjon til privatisten
- innan **1. oktober** (hausteksamen) foreslå fagpersonar tilsett på sin eigen skole som sensorar. *Merk at dette gjeld også i fagkodar fylke ikkje har ansvar for.* Fagpersonane skal føreslåas for eit skoleår av gongen, haust og våreksamen.
- registrere alle innkomne klagar på skriftleg eksamen i PAS

### **Særskild tilrettelegging ved eksamen**

Eksamenskandidatar med behov for særskild tilrettelegging, har krav på å få forholda lagt til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket, jf. § 3-32 i forskrift til opplæringslova. Søknadsskjema ligg på Internettsidene til fylkeskommunen. Skjema skal sendast direkte til eksamensskolen. Frist for å søke særskild tilrettelegging for hausteksamen er 30. september 2016. Søknadar etter dette vil ikkje bli behandla om det ikkje ligg føre tungvegande årsakar.

### **Klagebehandling**

Vi viser til [rundskriv nr. 09/16](#) frå utdanningsavdelinga og utsendt materiell med informasjon om klagebehandling.

### **Økonomi**

For privatisteksamen, eksamen for praksiskandidatar og særskilde lærefag Vg3 jf. forskrift til opplæringslova § 3-52, skal rekningane frå sensorane sendast attestert frå skolane til utdanningsavdelinga for utbetaling.

Utgiftar til ny, særskild og utsett eksamen for elevar og lærlingar blir belasta budsjettet til den einskilde eksamensskole.

Med helsing

Rune Solenes Opstad  
ass. fylkesutdanningssjef

Einar Hoem  
rådgivar

Gjenpart:  
Fylkesrådmannen  
Fylkesordføraren  
Lærarorganisasjonane  
Utdanningsutvalet  
Yrkesopplæringsnemnda